

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 21/2007

Møtedato: 14.3.07

Arkiv nr:

Kommunale vedtekter – motorisert ferdsel

I kommunen sine vedtekter om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag er det fastsett maksimal storleik på 7 HK for bruk av påhengsmotor på Storfjorden. Tilsvarande reglar gjeld for M.Syndin og S.Syndin, men bruk av påhengsmotor berre kan skje i samband garn- eller oterfiske. Desse reglane vart vedteke av kommunestyret i sak 116/86.

Det er ikkje lengre mulig å få kjøpt 7 HK påhengsmotor og ein må gå ned til 6 HK. Fjellstyret har fått fleire spørsmål, spesielt frå fiskarane på Storfjorden, om det er mulig å heve denne grensa til 8 eller 10 HK. Sidan det kan vera relativt vêrhardt på fjellvatna kan 6 HK vera i minste laget.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår over for kommunen at noverande grense i kommunale vedtekter for bruk av påhengsmotor på 7 HK i blir heva til 10 HK.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.3.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune